

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Trysøy

Emne: Transport av høy

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Hveding

Gard: Leiknes

(adresse): Korsnes.

G.nr. 76 Br.nr. 2.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


SVAR

Sumt er etter eiga røynsle, alder 68 år, sumt etter
Kristoffer Johnson, alder 75 år, sumt etter Anton Hveding,
alder 83 år.


1. For 30-40 år sidan var det vanleg at
dei som hadde litte høyslåt på heimegarden, "slå borte",
som ein kalla det. Dei slo då helst i skogmark eller
kangvinke heigar på andre gardar. Det var mest i ut-
marka dei fekk slå på den måten. Dei større gardane
slutta først med å "slå borte". Det lönke seg ikkje. Dei la då
kornåkrane om til eng, og kjøpte heller matmjølet.
Mjølet vart å få både godt og billig i handelen ved 100-års-
skiftet. Dei gardane som hadde berre ei eller to kyr,
ville gjerne berga for dei når folkhuset var stort. Dei
hadde til regel ingen kornåker å leggja om, og dei
heldt nok lenge på skikken å "slå borte". Å slå i
utmarka på eigen gard var nyttå av mange; men
no for ein 20-25 år sidan kan ein seia at det er
falle bort, det og. Høyet, høyrde ein eller bar det, drog
det eller førde det på båt heim til garden sin.

2. Til heya eller turkeplassen kunne
ein køyra, bera eller draqa grasst. Det retta seg mykje
etter korleis lende var. Bar ein høy (t. d. til loda)
nyttå ein oftast "bårband". Det kunne ein nyttå som
falleband, d. v. s. ein la fauet dobbelt, såleis: 

Så leste ein over det doble bandet, la ryggen til bora, tok lykka over hovudet, ~~stakk~~ tok ein tau-ende under kvar arm og stakk i gjennom lykka og rida til. Dette kalla ein „å bera i felle“.

Skikken er enno mykje nytta når ein skal bera tunge bærer. Ein bar og høyr ved å festa midten av tauet til ein sterk kause (ring) av eimer. 

Så tok ein i ringen og drog tauylkka over hovudet, tok så ein taupart under kvar arm og stakk i gjennom ringen og gyrda åt. Ringen kalla ein for „børhollet“. Denne beremåten vert stundom endå nytta.

Til transport av høyr brukte ein òg „sloga“ (sloa). Det var serleg når ein skulle ha rå-høyr fram. I bratt lende vart sloga mykje nytta. Ein laga ho av ei bein buska, helst bjørk. Toppene med greinene laut vera noko lang. Det var den grasst skulle fløyta seg på over stein og stov og slikt. Ein tok helst ei bjørk som hadde sula i toppen: . Så batt ein saman toppenden og dei greinene som kunne nå gant med ^{til} toppen. Til bundet nytta ein i den fyrste ^{tid} via. Den laga ein seg av ein bjørkeremming eller av ein vidjeboisk. Når ein no stakk leggen eller fjukkenden av buska inn i sula, så fekk ein den oppvingen som grasst eller høyr kunne leggast i. No hadde ein ei ferdig sloga. Ein la ho så flat på marka og leste i. Eg veit ikkje om det var nokon skylt på kor ho skulle lestast kjøpt, framme eller bak; men når ein no stakk fjukkenden inn i sula og rida åt, så forma høymengda seg som ho skulle vera. Ein tok no berre i fjukkenden og drog. Kar mykje ein kunne ta i ei sloga kom mykje av karleis

Transport
av
høy.
Blad 2.

lende var. Eit kvart eller eit trikvart hestless kunne ein nok dra. Når ein drog kunne ein ofte - eller laust ein ofte - knipa ^{med neven} over fjubanden og riset, så det vart som ei løsing av sloga. Ein laust akta på at sloga sat" og heldt seg samant, og ein laust sjølvsagt dra under greinene på sloga, ikkje i mot. Ein kunne stundom hjemmas høygt og lyfta i sloga; men det gjorde ein sjeldan med rå-høy.

Når ein la turr-høy i "börbandi" pla. ein meita alltid hjemma. Det "sat" så mykje betre i byrda då, når det var hjemme. Skulle ein bera rettleg store byrder, laust ein tar taulyfta over høvet ^{itt} og rida til - ein bar då i fallet ^{som ein gaa}. Var lundet flatt, laust beraren ha hjelp til "å koma seg opp", d. v. s. på føtene, med byrda. Men ofte var mannen å-teine, så det var ingen til å hjelpe han. Han laust då luse i byrda etter det. Ei råd til "å koma seg opp" når ein var i åleine med eit tungt felle, var å freisa velta eller rulle seg "å gruv" med fallet på. Dann ein koma seg "å gruv", så fekk ein nyfta hendene til å lyfta overkroppen med. Og alle kroppsmusklane fekk setja sine makt inn på reisinga. Hadde ein hjelp til "å koma seg opp" med byrda, stod hjelperen alltid attom og lyfte. Han gjorde byrda så mykje lettere som han hadde makt til å lyfta med. Et arbeida med høygt laust alle vera med i, både menn, kvinner og born. Ivar laust ggra det han makta. Og husfaren laust ofte minna borna om, ^{at} dette arbeidet galdt mat og blode for vinteren. Så lærde dei å

älvarek i arbetet på garden. Arbetet vart i oppseding.

Dei nytta òg høyssekker til å transportera høy i. Dessuten var i den elste tid (60-70-åra) ofte av vier, d. v. s. bjørketreinar som vart tilreist til vier, bløytt og bøygd og vidd. Desse viene fletta ein saman til store vide sekker. Dette er truleg gammalt. Men etter kvart som snøre kom i bruk, balt ein høysekkene av tukt snøre. Inørsekk kalla ein òg desse sekkene. Dei kunne òg mykje høy. Ein nytta dei til føring både av rå-gras og av bær-høyetter som ein frong. Dei vart ofte runde som ein ball, og hōvde serleg godt til høyfōring når lende var bratt. Dei gjekk av seg sjōlv. Det var berre å setja dei i sving. Namnet og har høyst er „snørsekk“. I eldre tid har dei vel hatt eit anna namn. (Tjēskilt forer og nemna at stikke sekker av „vier“ vart i gamal tid nytta til å bera fisk i. Dei hadde då helst kipe-form). Bakt ein høysekkene av snøre, vart dei „maska“ saman. Eit slag masker var det i „vie“-sekkene òg. Inørsekk-ga det var hamp-snøre.

Løypestrong nyttar ein òg i bygd, både til høy - og andre ting som skal frōst, det ~~det~~ er berre kring 50 år sidan det kom i bruk her.

Tullehåra har oore i bruk truleg kring 50 år eller noko meir. Men hōver berre der lende er nokolunde slett. Eldeste tullehårene som vart brukt, hadde 2 berestenger,

kring 3 alen lange. Så var det fest to tverrke-
tel, eitt fremst ^{mot} på enden og eitt mitt på bere-
stengene. I fremste endene var så byulet fest.
På berestengene var det la~~ngt~~ nokre spildver
søm ein botn mellom dei to tverrkeas.
Sunnare kom trillebærer med fast kasse
og med laus kasse.



Ein brukte og "beretåra". Ho var
laga av to tykke og sterke staurar som det
var kvest til eit lite handtak i i kvar
ende. På desse staurane var det så fest
nokre ^{tykke} tverrke - 3-4. Det vart så godt rom
mellom kvar fjöl. På desse bærene bar
ein både rå-gras og mykje anna.

Ein beremåte som både er meir
lettveint og brukly eldre, er å "bera på staur".
Ein ^{tok} då berre to tykke, sterke staurar som
var litt tilkveste i endene og heilt slekt-
okke. Kvistendar kunne ikkje stikke fram.
Ein byende så høgt og la byemene i båter.
Så stakk ein staurane under båta, så
laust frå einannan at mannen kunne
gå stå eller gå i mellom dei når han bar.
Ein laust akta på at båta vart midt over
staurane. Denne beremåten er ^{stundom} ~~stundom~~ nytt
enno.

3. Ein prøvde helst å få høgt til tuns om
sumaren. Men var lunde refirt laust ein
vanta til vinterføret kom.

4. Til å køyra høy på, nytta ein i
60-70-åra mest langslade, eller høyslade
som ein kalla han. Høysliden var lettare
arbeid enn ved-sliden. Høyslade med


to hyl under var truleg ikkje mytta her
for kring århundreskiiftet. Reiskopen er
elles lite brukt. Seinare kom langvogn
i bruk. Fierhyula høgvogn trur eg knapt
finst i heradet. Ein høvlede var kring
3-4 alen lang og kring 1½ alen høg. Han
var arbeid på lag som ^{ved} vedsleden, men overpå
yfter-rimene var det fest nokre tre (stavar)
på kvar rim bak. Stundom hadde ein slike
tre = stavar, eller oppstandarar framme på sleden
og. Sleden såg då på lag slik ut:



 eller:  Oppstandarane
var 1 til 1½ alen høge atte (bak) og noko lågre
framme. Dei var av heilvoksen ved, helst
fure-rot og naqse til rimma. Den var anten
av bjørk eller furu. Sleden var låg. Same
sleden høvde ein og kornet på. Ein
la då stavene med kornbanda på mellom
desse oppstandarane. Denne sleden vart vel
akta og vortsla. Det var alltid nokorikare
og gildare og glederogare med den sleden
enn med vedsleden. Det var vel aqen for
maten som gjorde det. Foda knytte menneske
sterkare saman med quddonen enn brenstet.
Slikt vart innprenta i boma både i kvil
og i arbeid. Det var truleg ein gamal arv
som var innvunnur qjennom sovk og slit.
Låleis bynde folk det enda fram til 1830 eller
-90. - Meiane på høvlede var haldne
hult stille under. Dei vart då håle (glatte)
på grassmarka. Høyt daste ein på i byemmer,
og det var reint utruleg kor mykje ein best
kunne draqa på gamm mark. Eg trur det

var høy langt undan eit godt langvogn-
lass no til dags. No brukar ein berre
langvogn til høykøyring. På rettelig
små bruk, 1 til 2 kuffer - lyt ein nøya seg
med å dra på handvogn eller bera inn,
dersom ein ikkje kann få hjelp av ein
granne som har hest og vogn. Ein skil
klårt i mellom vogn og slede. Steden er
utan hjul, men glid på meiane. Vogna
er utan meiar, men glid på hjula. Hjul-
sleden er truleg ikkje gammal her i landet. Hos
oss vert, han sett på med noko vanvyrmed,
og dei kallar han spottande „ein tvitulling”.
Gutte slengordet har truleg gjort noko til at
reiskapen har kome lite i bruk. Hjulslede
kallar ein alle sledar som har hjul under
meiane. Hjula står helst noko attanfor
midten av sleden. Når då hesten tek i,
strekkjer han opp fremre halvpart av sleden,
og hjula tek fyrqda.

Skoning (av jarn) er mykt på alle
sledar her. På høysledar trur eg ikkje det
har vore brukt her i bygda. På vestsledar
er skoning kome noko i bruk i dei siste
50-60 åra. Men stilt ikkje alle myftar skoning
(av jarn). Derimot legg ein „drag” under
alle sledemeiar når dei vert noko slitne.
Draga er ein tykkvaren bjørkesole som
vert magfa eller no ofte spikra fast.
Det var ingen regel for kor ein kunne køyra
med vogn, og kor ein kunne køyra med slede.
Ein køyrde alltid med den domingen som høvde
best.

Her i bygda har ein ikkje snur enn ei lang-
vogn på garden. Den myftar ein til høgvogn
og. Ein fester berre grindar på vognar.
Grindane kan etter kvart ha vorte litt
lettare arbeid, og gjort noko snopare til å
hekta av og på; men denne framvokstren
er lite å nemna. Høyft kastar ein ^{opp}vogna,
og ein har gjerne ein mann oppi og trekkar
ned. Ber det over grindane, er det sume som
lymmer når høyft er stutt. Ein lesar vanleg
på vognar til ein byn så høyft frå markas
som dårkålet på ladar er høyft til, mellom
2 og 3 meter. Så langt atturde eg veit
har ein raka vel opp både på eng og
åker og samla det i loda. Men hadde
ein eit fint stykke eng, kunne det henda
at bonden lot det stå att ein liten dott.
Det var for at høyft skulle få tid til å
frøast og spreida seg, sa dei. Det same
kan ein stundom sjå no og; men nysåing
av grasfrø har teke vekk den gamle skikken.
Det var ingen skil på kva lass som skulle
vera størst eller minst.

Kjørde ein høy på stede feste ein
lasset med å leggja høytonga over og så
gyrda eller reipa åt. Høytonga var oftast
ei sula av sterkt tre (bjørk), økna til
flott. Ho kunne sjå på lag stikk ut:

 Det var eit reip- ei
sterk ler-reim eller eit tau, i kvar ende. Den
smale enden vende fram. Den var fest nede i
sleden. Ofte sette ein ein kjøl i høytonga for
at ikkje det skulle bli for mykje snur på reipet.

Höyfronga med hjölp kunne då sjå på lag
slik ut  Fra sida ser hjölp
slik ut:  Tappen gylt, rund og tok muren
av. Ein kunne òg sjå ein hjölp i kvar ende, men
det var sjeldent. Tume mykta til höyfrong berre
eit breitt sterkt bord, og sette hjölpav eller
hjölpav til. Det var då inga seula. I festa
lasset med höyfronga kalla ein ò reipa eller
gyrda lasset. Gyrda brukte ein helst om ò
rida eit vedlars saman tværs over anten
med reip eller gyrdband (jörband).

Gyrdbanda var tykke ~~tau~~ ^{tau} spunne
av kampf. Dei kjøpte dei hos handelsmannen
frå den tid og kan minnast. Men opp til
50 ára laga bondene sine tykke ~~tau~~ ^{tau} sjölv
av heimförd kampf. Dette kalla dei „i slå
tau“. Truleg har folket då slått sine gyrd-
band (gyrdtau) sjölv.

Om ein laut setja höyft i stakken,
stila ein ikkje på ò få noka vinst høve
mellom stakken og höylasset. Ein gjorde stak-
ken etter höymengda ein hadde. Heller ikkje
stila ein på noka vinst høve mellom summer-
lars og vinterlars. Der har ein berre kjøpt
med ein heit for höyleden. Gardane er så
små, at det er vanskeleg for bonden ò få
tak i ta hestav nær han vill.

Jpr. 5 og 6 ligg for det meiste utanfor
arbeidstilhöva her. Tannslätter i utmarka
er lite kjende. Men hadde ein höy ståande
i utmarka anten i stakk eller löda, så
kjörde ein det heim på höyleden nar vinter-
föret kom. Men var det høve til ò kjøpa